

# Varhaug Misjonshus



## Innhold:

<b>Andakt</b>	Side 5	<b>Lekmannsmisjonen</b>	Side 14-15
<b>Ungdommeleg dugnadsløft</b>	Side 6	<b>Speidarleir</b>	Side 16-27
<b>Min sang</b>	Side 9	<b>Julemesser</b>	Side 19-21
<b>Hjelper andre</b>	Side 12-13	<b>Møtekalender</b>	Side 25-26



# BØEN STORKIOSK

MAT - SPILL - KIOSK

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug

FOR MATBESTILLING RING: 51 43 00 99



FØLG OSS PÅ FACEBOOK



Rogaland Bildeler a/s



[www.rogalandbildeler.no](http://www.rogalandbildeler.no)

**Biloppugging og stort delelager.**

Ytre Torvhusv., 4370 EGERSTAD

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

[rogbil@hesbynett.no](mailto:rogbil@hesbynett.no)

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

# JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug

Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - [jagunnau@online.no](mailto:jagunnau@online.no)



• SERVICE • DELER  
• REPRASJONER



## FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

### Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

2 - 2016

28. ÅRGANG

#### Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

#### Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Tormod Nord-Varhaug

Mob. 908 67 879

#### Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Njål Omland

Mob: 916 89 177

#### Normisjon

Formann:

Dagfrid Bekkeheien Skrettingland

Tlf: 415 32 652

#### Indremisjonsforbundet

Formann:

Tor Selmer Olsen

Mob: 470 31 136

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

[post@varhaug-misjonshus.no](mailto:post@varhaug-misjonshus.no)

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 1900-2100 (Om sommaren 15/5-15/8

er opningstid 2000-2100)

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

[redaksjonen@varhaug-misjonshus.no](mailto:redaksjonen@varhaug-misjonshus.no)

Tlf. 90058503

# Frå redaksjonen

Når bladet går i trykken er det meste av haustsemesteret over, vinterhjula må snart på, og me går mot jul.

Gjennom dette bladet ynskjer me i redaksjonen å gje folk på Varhaug eit innblikk i kva dei ulike organsisasjonane driv på med. Denne gongen er fokus på Norsk Luthersk Lekmannsmisjon (NLL) i serien «Dei små misjonane».



På ungdomsloftet styrer ungdommane. Dei er ivrige og har sett seg lei på alt rotet som samla

seg i kvistrommet mot nord. Nå har dei innlemma dette i Ungdomssalen, og rigga med ny kioskløysing og sitjeplassar i nærleiken av kiosken.

Min Song er denne gongen levert av Håvard Austnaberg. Han og familien har flytta til Varhaug, og vart presenterte i haustbladet i 2015. (Har du ikkje papirutgaven av det, kan du finna det på nettsida til Misjonshuset: [www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no))

Speidarane har vore på leir i sommar, og Hanne Anda har gitt oss glimt frå leiren med bilete.

I storesalen er det høgt under taket. Det er og mange lyspærer, som det er vanskeleg å nå med stige eller gardintrapp. Nokre har kanskje merka at det var fleire som ikkje har gitt lys på ei tid. I haust stilte Ove Braut med lift og saman med Terje Skretting, så trilla dei inn lift og skifta minst 10 lyspærer.

Tema dette året er «Vår neste». Kven er nå det? Meir om dette på baksida av bladet.

Julemessene er presenterte på sidene Her kan du setja inn sidetal

Eit av dei største arrangement på Misjonshuset er «Vi syng jula» inn. Dette året skjer det den 18. desember kl 18. Ungdomslaget lager som vanleg til nyttårfeiring, og har bestilt heile huset frå 29. des. 2016 til og med 1. jan. 2017.

I redaksjonen: Njål Omland, Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Steinar Ånestad og Per Åge Skretting

For redaksjonen:  
Per Åge Skretting  
Redaktør

Tema Varhaug Misjonshus 2016:  
**VÅR NESTE**



# butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 77 14 70  
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14



Murmester

## Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid  
Tlf: 992 50 989  
Epost: post@waldeland-dubland.no



## HÅ REGNSKAP AS

Autorisert regnskapsførerselskap

Daglig leder Rune Odland  
Autorisert regnskapsfører  
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug  
Tlf. 91511088 • E- mail: runeo@hrd.no



**EGIL HÅLAND** 4360 VARHAUG • Tlf. 51 43 04 94 •  
Mobil 416 99 617 / 944 07 800 • [www.Toppaland.com](http://www.Toppaland.com)



## EL-TEAM

Elektroentreprenør



autorisert elinstallatør

Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40

E-post: [dr@el-team.net](mailto:dr@el-team.net), Internett: [www.el-team.net](http://www.el-team.net)

# Lars Gaute Sport

## sport 1

VARHAUG 51 43 28 80

NÆRBØ 51 43 43 10

## SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

### ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR  
VARHAUG

Alt innen graving

Tlf. 51430878

Mobil. 97197815





Moses med sin stav.

«Hald dykk nær til Gud, så skal han halda seg nær til dykk»(Jakob 4,8)

Å skapa nære relasjonar og nære venskap gjer seg ikkje sjølv. Det krev vilje, tid og energi. Slik er det og når det gjeld relasjonen vår til Gud. Gud ventar ikkje at vi skal vera fullkomne, men han forventar at vi er ekta og ærlege og at vi deler tankane og kjenslene våre med han slik gode venner gjer.

Det at vi er ekta og ærlege overfor kvarandre, er den første byggjesteinen i alle gode venskap.

I Bibelen var Gud sine venner ærlege når det galdt kjenslene sine. Ofte klaga dei. Dei tvilte og diskuterte med Gud. Men det verka ikkje som om Gud tok seg nær av åpenheten deira. Han oppmuntra dei faktisk til det. Gud godtok at Abraham stilte spørsmål og utfordra han når byen Sodoma skulle øydeleggjast. Gud lytta tolmogdig på David som klaga over urettferd. Job fekk lov å visa at han var bitter midt i sjukdom og pinsler. Tilslutt forsvarte Gud Job for at han var så ærleg og oppriktig.

Eit sterkt døme på eit oppriktig og godt venskap mellom Gud og Moses kan vi lese i andre Mosebok 33,12.

Gud var trøyt og lei av at israelittane stadig var ulydige under vandringa i ørkenen. Han sa til Moses at han ville halda løftet og gje Israelittane

det lova landet, men han ville ikkje gå eit skritt vidare med dei i ørkenen. Gud hadde fått nok. Han lot Moses få vita akkurat kva han følte.

Moses svarte som ein god venn med same oppriktighet.

Sjå, du seier at eg skal føra dette folket opp, men du let meg ikkje få vita kven du vil senda med meg. Likevel har du sagt: Eg kjenner deg ved namn, og du har funne nåde for auga mine. Er det slik at eg har funne nåde for auga dine, så syn meg no vegen din... Kom i hug at dette er ditt folk... Dersom ikkje andletet ditt går med, må du ikkje føra oss opp herifrå. Korleis kan ein elles vita at eg har funne nåde for auga dine, dersom du ikkje går med oss? ...

Då sa Herren til Moses: »Også dette som du bed om, vil eg gjera, for du har funne nåde for auga mine...»

Kan Gud rekna med å føra ein slik open og ærleg dialog med deg? Det som her kan sjå ut som å vera dristig, ser Gud på som å vera «ekta». Gud lytta til Moses. Han er trøyt av forutsigbare og fromme klisjeer. Skal du vera ein nær venn av Gud, må du våga å vera ærleg og dela både tvil, frustrasjonar og skuffelsar med han, og ikkje berre det du trur du bør føla, tenkja eller seia.

Dagfrid Bekkeheien-Skrettingland

# Ungdommeleg dugnadsløft har gitt meir plass på loftet

**Det store loftet på Misjonshuset, Ungdomsloftet, har fått utvida kapasitet og eit effektivt andletsløft. Det omfattande arbeidet er det ungdommane sjølv som har gjort.**

Det har vore trengsel på loftet på Varhaug Misjonshus i mange år. Mykje folk på Ungdomslaget sine helgesamlingar gjennom året har skapt eit luksusproblem.

- Me har hatt behov for meir plass. Kanskje det på det meste har vore 40-50 personar i sving her, av ein medlemsflokk på kring 100, for å få loftet på stell att nå i sommar og haust, seier sjef for dugnadsgjengen Johan Skretting, og kikkar bort på leiaren i Varhaug Kristeleg Ungdomslag, Ingrid Omland, som nikkar bekreftande.

## Flytta kiosken

Veggar er fjerna og mindre rom, som var lite i bruk, har blitt tekne med. Den viktige kiosken er riven og flytta slik at han nå står i det nordaustre hjørnet av Ungdomsloftet. Resten av det ombygde arealet har gitt plass til høge kafébenker, eit supplement til dei mange salonggruppene på loftet.

- Me har fått fleire vindu, meir lys og meir plass, dessutan har me pussa opp handicaptoalettet, forklarar Johan Skretting.

Den siste finishen manglar på nokre få detaljar. Johan peikar på lause leidningar, som heng ned frå taket over borda i kaféarealet, som skal koplast til dei nye taklampene. Her ventar dei også på at dei høge krakkane til borda skal koma på plass frå leverandøren.

- Eit pleksiglasskilt med Ungdomslaget sin logo, som skal plasserast framme på kiosk-disken, er heller ikkje kome på plass. Elles er alt ferdig.

Arbeidet starta i juni med eit omfattande rivearbeid, der doble gipsveggar med både kablar og vassrøyr måtte fjernast. Ideen om å gjera utbetringane kom frå ungdommane sjølv.



**Meir plass:** Hundrevis av dugnadstimar har gitt synleg resultat på Ungdomsloftet. Johan Skretting har hatt ansvar og kontroll gjennom ombygging- og restaureringsprosessen. Ingrid Omland er formann i Varhaug Kristelige Ungdomslag.

## Støtte frå husstyret

Kontakten med styret for Varhaug Misjonshus, som Varhaug Kristeleg Ungdomslag leiger loftet gratis av, var udelt positiv.

- Dette har det vore snakk om i mange år. Når det no vart aktuelt, bad styret om ein grundig plan. Då dei fekk planane til behandling var dei positive, gav grønt lys og sa ja til å støtta oss økonomisk, fortel Ingrid Omland og Johan Skretting.

Prisen på ombygginga ser ut til å enda på kring 150.000 kroner.

- Omtrent det me hadde budsjettert med, seier Johan.

## Dugnad

Inkludert i beløpet er utgifter til blant anna maling og nye persienner. Nokre nye skap har det også blitt. Blant ungdommane er det fagarbeidarar som kan gjera det meste av til dømes vvs og elektrikkararbeid.

- Einaste me har leigd hjelp til er golvlegginga.

Johan Skretting har vore dugnadssjef og ansvarleg for arbeidet. Han reknar med at hans arbeidsinnsats utgjer kring 100 dugnadstimar.

- Dette er ein dugnad der svært mange har bidrege i ulik grad. Og så har me hatt god hjelp av vaktmeisteren her på huset, Terje Skretting, det må du ikkje gløyma å få med.

*Sjur Håland*

# HELSING FRÅ STYRET



## Bondekvinnelaget

Bak fv: Mari Madland, Bjørg Reime Håland, Liv Johnsen Reiestad, Grete Skretting.

Framme fv: Gerd Marit Mattingsdal, Oddbjørg Skrettingland, Aud Bratland Bø.

Misjonshuset har fått ei steiketakke av Bondekvinnelaget, og vil gjerne her seia ein stor takk! Den kan koma godt med på kjøkkenet.

Ja nå nærmar hausten seg med stormskritt etter at me har hatt ein fin ettersommar. Når de kan lesa dette nummer av Misjonshusbladet er Misjonshusbasaren 2016 histore. Me vil takka alle som har stilt opp med gåver, gevinster og dugnad for å få gjennomført denne. Det er eit av dei viktigaste arrangementa som husstyret har ansvar for.

I sommar har ungdommane stått for ei oppgradering av ungdomsloftet. Kvisten på nord er teken inn i salen, og det er laga til ny kiosk og sitjeplassar. Det har vorte lyst og fint, så ta ein tur opp for å sjå. (meir på side 6)

Ellers så går det i vanleg vedlikehald rundt om på huset. Litt her og der slik at me skal halda huset i fin stand.

Elles er det ei gild oppgåve å vera med husstyret, få lov å drifta eit slik fint hus som me har i dag. Dette bør heile bygda være stolte av.

*Helsing Styret.*



# EIK

## SENTERET

**Vi er der når du trenger oss**

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf 982 17 798  
Hjemmeside: [jts.as](http://jts.as)



MALER OG GOLVLEGGER

**Jæren Gulv AS**

Varhaug • Tlf. 488 48 700

**JÆREN AUTO AS**

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE



TLF.: 917 00 827 - VARHAUG

**Sentrum Salongen**

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.  
Scan QR koden og kom rett til  
bestillingssiden. Eller gå inn på :

[www.ledigtime.no/sentrumsalongen](http://www.ledigtime.no/sentrumsalongen)



**SPAR VARHAUG**

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19

E-post: [spar.varhaug@ngbutik.net](mailto:spar.varhaug@ngbutik.net)

Opningstider 08.00 - 21.00 (18.00)

**Haaland Bilverksted**

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug

Telefon: 90 50 65 66

**MCA**  
CAR SERVICE

**MCA**  
CAR SERVICE

**T. SKRETTING**  
**MASKINSTASJON**

Dysjalslandsvegen, 4360 Varhaug


**Trond Skretting**

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

[trond@tskretting.no](mailto:trond@tskretting.no)

[www.tskretting.no](http://www.tskretting.no)



Regnskapsfirmaet på Jæren

[post@jarok.no](mailto:post@jarok.no) - tlf. 51 48 22 66

Pb. 210, 4349 BRYNE



[www.jarok.no](http://www.jarok.no)

**ZRM** MEDLEM  
REGNSKAP  
NORGE

# Min sang

Det er fasinende hvordan melodier og sanger noen ganger kan ta oss tilbake i gamle minner. Selv om jeg ikke har så fryktelig mange år på nakken hender dette også meg. Når jeg ble spurt om å dele en sang som har betydd noe for meg, valgte jeg en som gav meg trygghet i mine barneår:

Det er makt I de foldede hender  
 Det er makt i de foldede hender.  
 I seg selv er de svake og små,  
 men mot allmaktens Gud du dem vender.  
 Han har lovet at svar skal du få.

*Ref:*


Det er svar underveis, engler kommer med bud.  
 Om det drøyer, det fram dog skal nå,  
 for det lovet jo løftenes trofaste Gud.  
 Kall på meg, og du hjelpen skal få.  
 Du som ber for ditt barn, dine kjære,  
 er i forbønn fra år og til år  
 Om du tålmodets lekse må lære,  
 himlens bøttesvar engang du får.  
 Det er makt i de foldede hender  
 Når i Frelserens navn du får be  
 Og engang når du livsløpet ender  
 Hvert et bøttesvar klart skal du se.

*Tekst: Trygve Bjerkrheim (1955)*

Da jeg var barn hadde jeg en periode jeg syntes det var skummelt å sove alene på rommet i mørket. Det var en av kveldene jeg gråt mine bitre tårer til mor at hun lærte meg refrenget og det første verset av denne salmen. Når jeg synger eller hører denne salmen reiser jeg hver gang tilbake til gutterommet og kan omtrent kjenne på kroppen hvor mye trygghet og ro den gav meg der jeg lå i mørket. Etter at jeg ble far har denne erfaringen minnet meg på hvor viktig det er å bygge opp et gudsbilde som formidler trygghet. Dette tror jeg er et godt fundament som en etter hvert kan bygge en solid gudstro på.



# BARNEANDAKT



## Matteus 2, 10-11


Desse tri mennene har reist langt på kamel for å leita etter Jesusbarnet. Nå har dei funne det vesle barnet dei leita etter. Og dei veit at dette vesle barnet er Gud sin eigen son. Her kjem dei med gåvene sine. Ser du at dei ber til han og takkar Gud. Dei tykkjer det er så stort at dei skal få sjå Gud sin eigen son. Tenk at Gud ville senda sonen sin til verda slik for å hjelpa oss menneskje. Det er så stort at vi nok aldri kan forstå det heilt ut. Og så kom Jesus ikkje berre til Betlehem den eine gongen, men han kjem også til oss i dag når vi ber til han. Han vil også vera vår frelsar, vår reddar. Skal ikkje vi også bøye oss ned og takke han for det, slik som dei vise menn gjer det?

1. Kva er det mennene gjer?
2. Kan du sjå nokon kamel?
3. Kan du sjå Jesus?

## Til fargelegging



## Du finner oss på nettet:



[www.varhaug-misjonshus.no](http://www.varhaug-misjonshus.no)

### Tid for rehabilitering?

I over 15 år har vi drevet med rehabilitering og nybygg. Ta kontakt og be om pristilbud.

Tlf. 51438006

E-post. [post@bm-sl.no](mailto:post@bm-sl.no)



### KULLSYREMASKIN FRA AGA



499,-

ny patron  
269,-  
bytte av patron  
149,-

### VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S  
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33



**Tommel opp for givarglede og engasjement i Ungdomslaget sine misjonsprosjekt:** Prosjektansvarlege er frå venstre: Sven Auestad (Madagaskar), Bente Håland (Ukraina), Hanne Hobberstad (Ukraina) og Bjarne Skrettingland (Madagaskar).

## *Hjelper andre med ungt engasjement og rause gåver*

**Dei syter for nye hus til dei fattigaste i Ukraina og legg til rette for skuledrift og god helse med nye vassrøyr i den raude jorda på Madagaskar.**

Gjennom to prosjektgrupper ønskjer Varhaug Kristelege Ungdomslag å gjera ein forskjell. Det greier dei. I fjor samla Ungdomslaget, med sine kring 100 medlemmar, inn 300.000 kroner til sine to misjonsprosjekt. I år blir givarkontoen fylt med same beløpet – minst.

### **Ukraina og Madagaskar**

- Pengane går uavkorta til misjonsprosjekta i Ukraina og på Madagakar, understrekar Bente Håland og Bjarne Skrettingland, og jublar over å kunna telja opp rett over 70.000 kroner etter basaren sist i september.

Ungdomslaget har tidlegare konsentrert innsamling til eitt prosjekt. Men frå i fjor vart innsatsen delt på to.

- På Madagaskar støttar me jordbruksskulen i Tombontsoa gjennom Jordbruksskolens venner,

som blant andre Ole Moi er engasjert i, fortel Bjarne.

I fjor vart heile vassleidningsnettlet til alle bygningane på skulen skifta ut, og Bjarne, Sven Auestad og Sondre Varhaug kjøpte bilettar til den lange reisa av eigne pengar og var med på grøftegraving og koplara røyr og slangar. Fleire av ungdommane har også vore i Ukraina og fått sterke inntrykk frå nauda i sigøyнарlandsbyane.

### **Formidlar inntrykka**

- Dei sterke inntrykka blir formidla på samlingane til Ungdomslaget, det inspirerer folk til å bidra, seier Bente.

I Ukraina går midlane frå ungdommane på Varhaug gjennom stiftinga KPK-Ukraina. Her får snart femten familiar i den fattige romanilandsbyen Hodlevo flytta ut av elendige skur og inn i nye hus, takka vera innsatsen til Varhaug-ungdommane.

- Prosjekta engasjerer, erfarer dei to, som har jamleg kontakt med Ole Moi frå

Jordbruksskolens venner og Ellen Lyster Aarsland i KPK-Ukraina.

### Kreativ innsamling

Innsamlinga gjennom året vitnar om kreativitet.

- Me har faste givarar som for eksempel vel å gi eit fast beløp kvar månad. Så går kollektkorga rundt på arrangementa til Ungdomslaget, i tillegg får me gåver frå einskildpersonar, det hender også at folk ønskjer å gje pengar til prosjekta i samband med fødselsdagar, fortel dei.

Gjennom året er fire møtekveldar i Ungdomslaget sin regi sett av til prosjekta.

- To av kveldane blir nytta til å informera om prosjekta, medan me dei to andre kveldane rettar merksemda mot å samla inn pengar.

I tillegg handlar det om praktisk arbeid.

- Dugnad, forklarar Bente og Bjarne. – Folk likar å ta i eit tak. Me monterte telt til Varhaugmarken og grilla og selde kaker under Nordsjørittet. Flaskeinnsamlinga etter nyttår har blitt ein årvisst affære og gir ein god slump pengar til gode føremål på Madagaskar og i Ukraina.

### Givarglede

- Kor kjem givarglede frå?

- Givarglede, nei den kjem av seg sjølv. Det er ikkje noko me er medvitne på. Men me er opptekne av å inkludera alle, det er viktig. I Ungdomslaget skal alle kjenna seg heime, om dei er 13 eller 22 år. Mange liker å gjera

praktisk arbeid, det prøver me å leggja til rette for, seier Bjarne. - Me opplever ein enorm stå-på vilje. Folk vil hjelpe, dei stiller opp og seier ja, erfarer Bente.

Ho fortel at ei ny gruppe på ti personar skal til Ukraina i oktober. Her skal dei kartleggja kor behovet er størst, og foreslå kva konkrete tiltak midlane som blir samla inn i år skal brukast til.

### Alle er med

Ingen skal kjenna seg på sidelina i Ungdomslaget.

- Me er medvitne på å få med dei heilt yngste i aldersgruppe 13-17 år. Å stå i døra og ønskja velkommen, er vanleg praksis, seier Bente og Bjarne.


Å gje praktiske oppgåver og invitere til deltaking i bibelgrupper er viktig. Folk skal kjenne seg inkludert, understrekar Bjarne, og avslører at vala av prosjekt ikkje er heilt tilfeldig.

- Madagaskar appellerer kanskje mest til dei med sans for gardsdrift og maskinar, medan Ukraina handlar om fattige familiar og barn med stort behov for klede, mat og omsorg. Alle, gutar og jenter, finn noko her som dei ønskjer å støtta.

Ungdomslaget sitt motto er Ungdom for Kristus.

- Det ligg i botn for alt me driv med, og det er utruleg motiverande å sjå at innsatsen vår er til nytte og hjelp.

*Sjur Håland*



**SIBYGG**

[www.sibbygg.no](http://www.sibbygg.no)

**MESTERHUS** – det blir som avtalt



Tron Stokkeland er formann i Norsk Luthersk Lekmannsmisjon sitt lokallag på Varhaug. - Me legg sterk vekt på forkynninga og Guds ord, Bibelen, seier han.

**Dei små misjonane:**

## *Norsk Luthersk Lekmannsmisjon*

**På Varhaug har ein trugen gjeng truande arrangert faste møte gjennom året sidan først på 1960-talet. Norsk Luthersk Lekmannsmisjon sin venegjeng utgjer ein av dei små misjonane blant det store kristenmangfaldet i bygda.**

-----  
Tron Stokkeland er leiar. Bonden og tømrraren er ofte å sjå på Misjonshuset. Mange knyter han gjerne til ein av eigarorganisasjonane til Misjonshuset, Det Vestlandske Indremisjonsforbund, eller Indremisjonsforbundet, som det heiter i dag. Dei færraste veit kanskje at Tron også er knytt til Lekmannsmisjonen. Dei siste åra har han vore formann.

I unge år var Tron dreng hjå Torunn og Sverre Ånestad på Kydland.

- Eg vart ein kristen i denne perioden. Eg gav meg over, som det heiter, fortel Tron.

Torunn og Sverre høyrde til Lekmannsmisjonen, dermed vart det naturleg for Tron å etablera tilhøyrslse til også denne venegjengen.

### **Faste fredagsmøte**

Fredagsmøter annankvar fredagskveld gjennom året er fast post for medlemmane i Lekmannsmisjonen. Då samlast dei i heimane til andakt, song og eit godt måltid mat. Bibelen og Songboka er i flittig bruk.

På 70- og 80- talet var ungane små og fylgde med på møta, då kunne dei vera opp mot 50 personar på fredagsmøta.

- Det var gilde samvær, minnest Tron. – Nå er det også godt å vera i lag, men ungane som var med har blitt vaksne, medan me sjølvst har blitt eldre, og også færre med åra, fortel han.

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon på Varhaug arrangerer misjonsmøte to til tre gonger i løpet av semesteret.

- Me styrar unna misjonsmøta då me arrangerer møteveker.

Fredagsmøta og misjonsmøta er i heimane. Møtevekene blir arrangert på Misjonshuset. Arrangementa blir gjennomførte gjennom godt etablert samarbeid med foreininga på Nærbo. Det er plass til fleire.

- Møta er sjølvstagne opne for alle, understrekar Tron.

## Smil og alvor

Pinsemøta på Skjæveland er eit årvisst arrangement. På møta er det ikkje uvanleg med to talarar som har kvar sin bibeltime. Forkynninga av Guds ord er det sentrale.

Også møteveke er faste og blir gjennomført vår og haust. Det har sine føremonar å vera foreiningsleiar.

- Eg legg opp møteveke slik at dei ikkje kolliderer med grisingane i fjøset, seier bonden. Det breie smilet brest nok ein gong i ein hjerteleg lått.

Smilet er aldri langt unna. Men Tron er oppteken av at det også er alvor over livet. I Lekmannsmisjonen er dei ikkje redde for å verta omtala som konservative. Dei gamle uttrykka frå bedehusterminologien blir ofte brukt. Kontrastane er sterke, forkynninga er tydeleg når det gjeld omgrep som synd og nåde, fortaping eller frelse.

## Misjonsengasjement

I styret har Tron med seg Atle Barkved og Rudi Stene. Varamedlemmar er Gustav Nord-Varhaug og Ragnar Opstad. Norsk Luthersk Lekmannsmisjon på Varhaug er, som andre foreiningar og lag, ivrige med kollektbøssa.

- Me støttar den lutherske kyrkja i Moldova saman med luthersk litteraturarbeid i Bolivia og Peru, forklarar Tron.

Hovudbasen til Norsk Luthersk Lekmannsmisjon ligg på Fosnes bibelskule i Stokke i Vestfold. Bibelskulelærarane tar gjerne forkynnaroppdrag ute i distrikta, formidla av sekretæren på Fosnes. Andre gonger nyttar dei lokale krefter, som veteranen Per Hove, ein forkynnar som har vore mykje på Varhaug.

- Så hender det at me også får besøk av forkynnarar frå både Sverige og Danmark, seier Tron.

## Bibel- og sommarskule

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon har større forsamlingar i Vestfold, Østfold og resten av Austlandet. Her er det også meir ungdommar som er med. På den årlege sommarskule kan det vera opp mot 200 deltakarar. Tron Stokkeland fortel at elevkulla på bibelskule, som starta opp i 1992, år om anna har vore opp mot 20 personar.

## Vektlegg forkynninga

- Me legg sterk vekt på forkynninga og Guds ord, Bibelen. Mennesket er fortapt, utan Jesus, som er vårt einaste håp, forklarar Tron. – Nåde er det berre Han som kan gi, held han fram.

Tron synar til tydelege ord frå Luther si forklaring frå den andre truedkjeninga, som han har streka under med blå kulepenn i boka, som ligg attmed Bibelen på det runde bordet attmed godstolen i stova: «Han er min Herre, som har gjenløst meg, fortapte og fordømte menneske, frikjøpt og frelst meg fra alle synder, fra døden og djevelens makt. Det har han ikke gjort med gull eller sølv, men med sitt hellige og dyrebare blod og sin uskyldige lidelse og død».

## Norsk Luthersk Lekmannsmisjon:

Grunnlagt i 1963 av vener av den luthersk-roseanske forkynninga og ønskjer å forkynna Guds ord i skrift og tale, både i Norge og ute på misjonsmarka.

*Sjur Håland*





# *Vi våger - Tingvatn 2016*

## **Speidarleir 24.6.-1.7.16**

**Agder og Rogaland krets av KFUK / KFUM arrangerte siste veka i juni speidarleir på Tingvatn. Her hadde 10 speidarar frå Varhaug KM speidar ei fin og minnerik veke på speidarleir sjølv om det til tider var ganske fuktig. Med på leiren hadde dei kokk, 4 leiarar og 3 leiarborn. Ein fantastisk gjeng!**

Ca 650 speidarar i alle aldrar var samla til speidarfest.

**Tema for leiren var “Vi våger”.**

Det var felles samlingar med ord for dagen, speidargudsteneste med nattverd og lovsongkonsert. Vi hadde leirbål saman med ein kjekk gjeng med speidarar frå Vigrestad og felles leirbål med alle til avslutting på torsdag kveld.

Etter speidar gudstenesta på søndag var det duka for speidartivoli. Masse kjekke aktivitetar der inntekta gikk til misjonsprosjektet “Hvite duer” i Kambodsja. Dette prosjektet blir drive av Dary og Martin Mydland frå Sokndal. Dei hjelper prostituerte jenter tilbake til livet, gategutar og fattige frå slummen får tilbod om skule og fagbrev. I slummen blir det drive skule, barnehage og barneklubb. Dei gir fridom og eit møte med Gud til dette folket med så stort behov for hjelp.

**Vi vågar å stole på at Gud passar på oss.**

På tysdagen var det klart for haik. I sol og opphaldsvêr la 8 modige og hardbarka speidarar ut på tur med fulle sekker og godt humør. Dei hadde fått utdelt kart med merka løype på 11 km, kvar sin 1/2 grilla kylling, rundstykke og 1 liter eplejuice. Løypa var godt merka og



gjekk delvis på god veg og delvis i skog- og myrterreng. Det var stor stigning på veg fram til første post der dei melde seg. Etter det gjekk turen i skog og fjell fram til overnattingsplassen. Vel framme slo dei opp presenning og laga seg mat. Mette og trøtte la dei seg i soveposane. Dagen etter kom regnet att og det var ein blaut gjeng som kom ned frå fjellet. Kakaoen og det varme måltidet dei fekk etter at dei hadde pakka ut alt som var vått og hengt det til tork, smaka ekstra godt.

### **Vi våger oss ut i verden.**

Torsdagen var patruljane ute på aktivitetsløype med tema frå ulike land i fleire verdsdelar. Dei fekk innblikk i kva problem menneske frå ulike land hadde å stri med. Mangel på vatn, tørke

og matmangel. Aktivitetane var tilpassa dei ulike landa sine utfordringar og speidarane lærte mykje.

### **Til slutt vågar vi å smaka på Gud.**

“Smak og sjå at Herren er god. Salig er den mann som tek si tilflukt i Ham.” salme 34,8. Vi takkar for at Han hadde halde si hand over oss i regn og i solskin. At han har satt mot i oss, både store og små gjennom ei veke med utfordringar og gleder. “Alt makter eg i ham som gjer meg sterk.” Fil 4,13.

Vi ser fram til eit nytt semester med speiding til hausten!


Hanne Anda



## R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



ARHAUG

AMEFRISØR

Brit Jane Varhaug  
Einervegen 3  
Tlf.: 51430757

## BYGGMESTER O d m u n d VAGLE



Tlf 47 63 62 02

Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

## BETONGELEMENTER

til driftsbygninger, redskapshus, grunnmurer, yrkesbygg m.m



## HÅ ELEMENT A/S

Postboks 71 - 4368 Varhaug - Tlf. 51 79 86 90 • Telefax 51 79 86 91

## HUS • TILBYGG • REPARASJONER

*Be om pristilbud på arbeid og materialer*



Lobekk Bygg A/S

Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99

Mobil: 90 92 98 87



## Erik Håland Maskin A/S

Telefon 51 43 12 99 • Telefax 51 43 10 85

Mobil 970 55 500

Leverandør av trelast  
og bygningsartikler



TRELAST OG BYGGEVARER  
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbo  
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

# Julemesse

## Vigrestad Misjonshus



### **Fredag 11. november**

**kl. 19.00**

**Tale av Irene Håland Ege**

**Song av Hananja**

### **Lørdag 12. november**

**kl. 11.00**

**Andakt av Thomas Thesen**

**Song av Minikoret, Varhaug**

**kl. 14.00 : BASAR**

**Andakt av Thomas Thesen**

**Song av Vigrestad Soul Children**

**Barnetrekning**

**Hovedtrekning :**

**Bunad, sykkel, bålpanne, ulike gavekort m.m.**

### **Fredag:**

*Kafeteria med salg av gryterett, pølser, kaker m.m*

*Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker. Tipp vekta på stor fruktkorg*

### **Varesalg:**

*Småkaker, mykje fint håndarbeid ,smalaføde, egg og grønnsaker m.m.*

### **Lørdag**

*Kafeteria med salg av graut, smørbrød, kaker, nysteikte lapper m.m*

*Tipp vekta på fenålår*

*Lagebord for barna*

*Åresalg og trekning av fruktkorger og kaker.*

*Ansiktsmaling, popcorn*

### **Varesalg**

*Småkaker, mykje fint håndarbeid,smalaføde, egg og grønnsaker m.m.*

*Barne-og hovedtrekning*

Arrangør: Normisjonsforeningar på Vigrestad, Varhaug og Nærbo

VARHAUG  
hud & fotterapi

**HEIDI DUBLAND BØ**  
Hud- og fotterapeut

Stasjonsvn. 14, 4360 Varhaug  
Mob. 41 27 66 79

Timebestilling / telefon 51 43 13 69



## Kom og vær med på NMS julemesse 25. og 26. november

Når tida er komen for NMS si julemesse går det verkeleg opp for ein at jula er på veg. Sidan mange kjem igjen år etter år trur me at messa vert opplevd som triveleg, god og meiningsfull, noko som er viktig for oss.



### FREDAG

18.00 Kveldsmat. Gryterett, kaffi, kaker m.m.

19.00 Møte v/Gaute Rasmussen.  
Song av Figgjo barnespel.

Kafé og varesal etter møtet.  
Åretrekning ca kl 20.45.




### LAURDAG



11.00 Møte v/misjonsskonsulent i NMS, Tone Julseth Ydstebø og Varhaug Ungdomskor.  
Kafé og varesal etter møtet.  
Åretrekning ca kl 13.00.

13.30 Familiemøte v/Tone Julseth Ydstebø og Minikoret.

Hovudtrekning og barneutlodding.



Det er mange som dreg i lag for å få i stand messa med lefsebaking, skaffing av gevinstar, laging av pyntegrønt, loddosal og mykje anna. Når me kjem til messehelga er det mykje å gjera for matkomitéen, og mange bidreg med matvarer. Takk til alle som er med på dette.

Me vert glade for alle som kjem.

  
**FARGERIKE**



### FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00  
E-post: [post@fargerikehalvorsen.no](mailto:post@fargerikehalvorsen.no)  
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.

**SpareBank**   
SR-BANK

Velkommen til NLM si julemesse 2016 den 18. og 19. november  
på Varhaug Misjonshus

Fredag 18. november

Kl 17.30 Dørene opnar.  
Sal av gryterrett, kaker og kaffi.  
Kl 19.00 Møte  
Andakt ved Kjell Håland  
Song av Hananja  
Varesal og open kafè.  
Åretrekning



Laurdag 19. november

Kl 11.00 Møte  
Andakt ved Kjell Håland  
Song av yngreskoret  
Varesal og open kafè.  
Åretrekning  
Møte kl 14,00  
Andakt ved Stine Terese Erga  
Song av Klepp Soul Children  
Utlodninger



Velkommen

**KAY'S**  
**BETONGSAGING**

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver

*Maria Aareskjold Tegneservice*

Tlf. 51 43 05 59  
Fax. 51 43 70 05  
Mobil. 911 04 662  
E-post: amaria@online.no  
Postboks 110, 4368 VARHAUG

Nybygg - Tilbygg - Rehabilitering

# Faste arrangement

Arrangement	Dag	Tidspunkt	Rom	Kontakt	Tlf
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (skuletid)	0900-1300	Matsal	Gerd Ingunn Mattingsdal	959 78 084
Homlebølet	tirsdager	1000-1200	Matsal	Anette S. Auestad	476 36 941
Speider	onsdager	1900-2100	speiderloft og-kjeller	Øystein Varhaug	970 90 811
Rover (eldre speidere)	mandag	1900-2100	speiderkjeller	Lars Kristian Haaland	951 45 516
Åpent hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Johannes Bøe	415 49 009
Spiren (3-5. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin Skrettingland	411 06 529
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51 43 10 02
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Margreta Bøe	51 43 03 66
FRES, ten-oppleg	fredag, annenhver	1900-1930	ungd.sal, matsal, kjøkken	Guri Sollesnes	951 40 649
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Ingrid Omland	995 90 488
SUNDAG	søndager, oddetallsuke	1930	møtesal		
Søndag formiddagsmøte	søndager, partallsuke	1030-1115	ungdomssal	formennene	
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	?	?
yngreskor	Mandager	1815-1915	møtesal	Anne Margrete Fauskanger	959 35 486
ungdomskor /band	tirsdager	1900-2130	Møtesal	?	?
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51 43 01 20
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51 43 10 57
Lovsanggruppe	Torsdag (hele året)	1900-2100	møtesal eller ungd.sal	Gerd Håland	992 54 852
SUNDAG lovsangsgruppeøving	Mandag (hele året)	1915-2100	møtesal	Bente Aanestad Scheie	416 76 727

ajourført: 30/9-2016

# Prislister

	Kristelege arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
	(NMS, IMF, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på misjonshuset				
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2. etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

## Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

## Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal                      kr. 4500 \*)  
 " " : bruk av anr.kjøkken og møtesal    kr. 3000 \*)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

\*) : Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1000	1300
Møteveke med fest på søndag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset    kr. 2500 (Ungdomslaget)  
 ANNA BRUK AV HUSET    Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

# VARHAUG MISJONSHUS

## VAKTLISTE 2016-2017

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								.
<b>Gunhild Lobekk</b> <b>958 61 391</b> (Asbjørn Fauskanger 94157641)	<b>11</b> 14/3	<b>19</b> 9/5	<b>27</b> 4/7	<b>35</b> 29/8	<b>43</b> 24/10	<b>51</b> 19/12	<b>7</b> 13/2	<b>15</b> 10/4	
<b>Håkon Varhaug</b> <b>901 13 828</b> (Sindre Varhaug 92868772)	<b>12</b> 21/3	<b>20</b> 16/5	<b>28</b> 11/7	<b>36</b> 5/9	<b>44</b> 31/10	<b>52</b> 26/12	<b>8</b> 20/2	<b>16</b> 17/4	
<b>Per-Arvid Jakobsen</b> <b>51430082/926 17 652</b> (Christian Grove 93863017)	<b>13</b> 28/3	<b>21</b> 23/5	<b>29</b> 18/7	<b>37</b> 12/9	<b>45</b> 7/11	<b>1</b> 2/1	<b>9</b> 27/2	<b>17</b> 24/4	
<b>Johannes Nygård</b> <b>94845836</b> (Martin Dyngeland 97055506)	<b>14</b> 4/4	<b>22</b> 30/5	<b>30</b> 25/7	<b>38</b> 19/9	<b>46</b> 14/11	<b>2</b> 9/1	<b>10</b> 6/3	<b>18</b> 1/5	
<b>Astrid Varhaug</b> <b>51430336/992 29 781</b> (Stig Hobberstad 95772599)	<b>15</b> 11/4	<b>23</b> 6/6	<b>31</b> 1/8	<b>39</b> 26/9	<b>47</b> 21/11	<b>3</b> 16/1	<b>11</b> 13/3	<b>19</b> 8/5	
<b>Terje Skretting</b> <b>900 59 582</b> (Leif Nord-Varhaug 91192055)	<b>16</b> 18/4	<b>24</b> 13/6	<b>32</b> 8/8	<b>40</b> 3/10	<b>48</b> 28/11	<b>4</b> 23/1	<b>12</b> 20/3	<b>20</b> 15/5	
<b>Loyd Aanestad</b> <b>51432149/915 39 216</b> (Kjell Gunnar Arnesen 95486532)	<b>17</b> 25/4	<b>25</b> 20/6	<b>33</b> 15/8	<b>41</b> 10/10	<b>49</b> 5/12	<b>5</b> 30/1	<b>13</b> 27/3	<b>21</b> 22/5	
<b>Rolf Ueland</b> <b>977 20 085</b> (Ståle Ånestad 94885541)	<b>18</b> 2/5	<b>26</b> 27/6	<b>34</b> 22/8	<b>42</b> 17/10	<b>50</b> 12/12	<b>6</b> 6/2	<b>14</b> 3/4	<b>22</b> 29/5	

-----  
Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå [http://www.varhaug-misjonshus.no/?page\\_id=752](http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752)

Styret for Misjonshuset.

veke	Dato	Arrangør	arrangement	Klokkeslett (tid reservert)	rom
44	2/11	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	2-5/11	NMS	Møteveke	1930	Møtesal.
	5/11	>>>	Selskap	Hel dag	Matsal og kjøkken
	6/11	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	6/11	NMS	allehelgenfest	1800	Møtesal +matsal/kjøkken
45	9/11	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	møtesal
	11-12/11	Normisjon (Vigrestad)	julemesse	---	-----
	13/11	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
46	16/11	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	17/11	NLM	julemessepynting	1600-2300	Møtesal, matsal, kjøkken
	18-19/11	NLM	julemesse	----	Møtesal, matsal + kjøkken
	20/11	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	20/11	UL	Konsert m/ Ansgar gospel	---	Møtesal, matsal, ungdomssal
47	24/11	NMS	julemessepynting	1600-2300	Møtesal, matsal, kjøkken
	25-26/11	NMS	julemesse	---	Møtesal, matsal + kjøkken
	27/11	NLM	Møte m/dåp	1030	møtesal
	27/11	felles	S U N D A G	1930	Møtesal, matsal + kjøkken
48	30/11-4/12	>>>	Flymisjonen møteveke	1930	Møtesal
	4/12	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
49	5/12	NLM	Lagskveld	1800	Matsal + kjøkken
	7/12	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	7/12	nattverdkomite	nattverdmøte	1930	møtesal
	11/12	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
50	15/12	>>>	Konfirmantsamling	1700-2100	ungdomssal
	18/12	felles	vi synger jula inn	1800	Møtesal + matsal
	18/12	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	18/12	"Vi over 60"	eldremiddag	1300	Matsal og kjøkken
51	25/12	>>>	Familiesamling	1400-2200	ungdomssal
52	26/2	>>>	familieselskap	1400-2200	ungdomssal
	26/12	UL	2.dagsfesten	1900	Møtesal, matsal+kjøkken
	27/12	søndagsskolen	juletefest	1700	Møtesal, matsal, kjøkken
	29-30/12	UL	nyttårsfestforberedelse	Hel dag	Hele huset
	31/12	UL	nyttårsfest	Hel dag	Hele huset
1	1/1-2017	UL	nyttårsfest	Hel dag	Hele huset
	4/1	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	7/1	Auestadbasar	Basar	1200	Møtesal, matsal + kjøkken
	8/1	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
2	15/1	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	12-15/1	Hananja	Øvingshelg	Hel dag	Matsal
3	16/1	NORMISJON	Årsmøte	1830	Matsal + kjøkken
	18/1	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	21/1	>>>	Bryllup	Hel dag	Møtesal og ungdomssal
	22/1	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
4	23/1	IMF	Årsmøte	1900	Matsal + kjøkken
	24-29/1	NLM	familiemøteveke	1800	Møtesal.+matsal.,kjøkken søndag.
	29/1	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal

# Møtekalender for Varhaug Misjonshus 2016/17

status 14/10-2016

5	31/1	>>>	årsmøte Sør-Jæren Sau & Geit	1600-2200	Matsal + Kjøkken
	1/2	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	3-4/2	NLM	Kvinnefor. basar	1930/1200	Møtesal, matsal og kjøkken
6	5/2	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
	6/2	NMS	Årsmøte	1800	Matsal + kjøkken
	8-12/2	IMF	møteveke	1930	Møtesal
	12/2	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
7	15/2	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	17/2	Samemisjonen	Basar	1900	Matsal + kjøkken
	19/2	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
8	21-26/2	NLLM (lekm.misjon)	Møteveke	1930	Møtesal (ungd.sal søndag)
	26/2	>>>	turfest	1430-2000	Møtesal, matsal og kjøkken
	26/2	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	27/2	NLM	Årsmøte	1900	Matsal + kjøkken
9	1/3	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	28/2-2/3	NMS	bibeltimer	1930	Møtesal
	5/3	felles	S U N D A G	1930	Møtesal utgår hvis møteaksjon)
	6/3	Felles	kv.for fest	1930	Matsal og kjøkken
10	12/3	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	15/3	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	16/3	Felles	Misjonshusets årsmøte	1900	Matsal+kjøkken
	19/3	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
12	24/3	NLM	møter	1930	møtesal
	25/3	HANANJA	jubileum	Hel dag	Møtesal, matsal, kjøkken
	26/3	NLM	møter	1930	møtesal
	26/3	NLM	Formiddagsmøte	1030	ungdomssal
	30-31/3	Israelsmisjonen	Basar	1800-2200	Møtesal, matsal + kjøkken
13	1/4	>>>	KM i sjakk for skolelag	Hel dag	Møtesal, matsal, kjøkken
	2/4	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
	5/4	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
14	5-8/4	Normisjon	Offerveke	1930	Møtesal
	9/4	Normisjon	palmesøndagsfest	1900	Møtesal, matsal + kjøkken
	13/4	nattverdkomite	nattverdmøte	1400	matsal
15	14/4	IMF	Langfredagsmøte	1930	møtesal
	17/4	NLM	påskedagsmøte	1900	Matsal+kjøkken
	18/4	>>>	Hå kommune Barnehageplandag	0800-1200	Møtesal
	19/4	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	21/4	UL	«Back to basic»	1900-2200	Møtesal, matsal, kjøkken,ungd.sal
16	22/4	UL	«Back to basic»	1200-2200	Møtesal, matsal, kjøkken,ungd.sal
	23/4	UL	«Back to basic»	1200-1900	Møtesal, matsal, kjøkken,ungd.sal
	28/4	NLM	Peru-kveld	1800-2200	Møtesal, Matsal og kjøkken
17	30/4	felles	S U N D A G	1930	Møtesal
	3/5	"Vi over 60"	Eldretreff	1400-1600	Matsal + Kjøkken
	5/5	>>>	Pynting til Konfirmasjon	Hel dag	Matsal, kjøkken
	6/5	>>>	Konfirmasjon	Hel dag	Matsal, kjøkken + ungd.sal
	7/5	>>>	Konfirmasjon	Hel dag	Matsal, kjøkken + ungd.sal



AH Bygg Auestad & Håland AS  
Møllev. 12, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51798579

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

**Elektrofag Jæren**

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

**EL-PROFFEN**

**Jærentreprenør**

Opstadveien 643  
Postboks 54 – 4368  
VARHAUG  
Tlf.: 51798700  
post@jerentreprenor.no  
Org. nr.: 934279980  
www.jerentreprenor.no



Dublandveien 35A  
4360 VARHAUG

Tlf.: 51435900  
Fax.: 51434369

Epost: post@vph.no  
www.vph.no

**JÆRBU**

**GJØDSELPUMPE**

**Ole G**

Nord-Varhaug & Co a-s

Hatleveien 4, 4360 Varhaug  
Telefon 51 79 35 50 www.jaerbu.no



*Alt i oppmerking av parkeringsplasser*

Toppaveien 7  
4360 Varhaug  
Telefon: 51430937  
Fax: 51433364  
Mobil: 90889556



**RØRLEGGER  
TEAM AS**

**ODLAND a/s**  
FORSKALING OG STØYPING

# VÅR NESTE

TEMA VARHAUG MISJONSHUS 2016

**Undertema:**

**Hvem er min neste?**

**Vær et medmenneske**

**Led oss - La oss bli til hjelp**

**Rasisme**

**Kast ikke bort frimodigheten**

**Overflod - Tiende**

**Nestekjærlighet - Velsignelse**

## HVEM ER VÅR NESTE

Når den lovkyndige mannen i Lukas 10 spør Jesus om hvem som er min neste, forteller Jesus historien om den barmhjertige samaritan.

Han tok ansvar for en annen person i nød. Som kristne har vi et ansvar for å være en neste for de vi møter som trenger det. Det kan være naboer, venner, familiemedlemmer, kollegaer, flyktninger eller andre. Sigurd Lunde skriver om dette i sangen Dine løfter er mange:

*Herre, led du oss frem, la oss bli til hjelp for dem  
som du viser oss trenger en hånd!*

*Gi oss lys til å se, gi oss vilje til å be:*

*Herre Gud, fyll vårt liv med din Ånd!*

**Finn gjerne fram hele sangen og les den.**